



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Meland kommune

**Deres ref.:**

**Vår ref.:**

16/00018-002

**Vår sakshansamar.:** Arkivkode:

Anne Sofie N. Uthaug 011

**Dato:**

08.04.2016

## HØYRING OM INTENSJONSAVTALE KOMMUNESAMANSLÅING I NORDHORDLAND

Svar på høyring om intensjonsavtale frå Meland sokneråd.

Vedteke på fullmakt frå soknerådet i soknerådet sitt arbeidsutval 7.april 2016.

Viser til framlegget "Nordhordland kommune, versjon 1.0 datert 1. mars 2016, frå forhandlingsutvalet. Meland sokneråd vil med dette komme med kommentarar til dei punkta i avtalen som rører ved kyrkja.

Vi tek i dette høyringssvaret utgangspunktet i formuleringar i intensjonsavtalen som vi ser som vesentlege, også for kyrkja. I denne fasen har Meland høve til å arbeide for interessene for området vi representerer, noko som vil bli mykje vanskelegare etter ei eventuell samanslåing.

Den nye kommunen vil ha mange gamle kyrkjer i bygder som er tynt folkesett. Dette må ikkje kome i vegen for kyrkjelege tenestetilbod som er nær brukarane. Ei nærkyrkje på Frekhaug vil vere eit strategisk reiskap i førebyggjande arbeid inn mot den store folkekonsentrasjonen. Dette gjeld uansett om ein tenker kulturbygg i prosjektet eller ikkje.

**"Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur"** (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 2 Visjon).

Tenestetilbod der brukarane bur, er i tråd med det kyrkja ynskjer for det kyrkjelege tilbodet i Meland, og kan realiserast gjennom bygging av ei ny kyrkje nær dei store busetnadsområda i Meland.

**"Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen"** (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 3 Verdiar, mål og prinsipp) Alle dei 8 kommunane, utanom Meland, har kyrkjebygning i nærleiken av eit av dei planlagde nærsentera. I Meland er kyrkja 5 km frå nærsenteret Frekhaug.

**"Heile omsorgstilbodet skal ivareta at innbyggjarane får nærleik til tenestene. Sjukeheimplassar, bufelleskap, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vera nærast mogleg der innbyggjarane bur, for å sikra lokal identitet og nærleik til tenestene"** (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse).

Felleskap og omsorg - oppsummert i ordet diakoni – er kyrkje sin styrke og kan vera eit naturleg og viktig supplement til det kommunale omsorgstilbodet. Ei kyrkje nær dei nyare busetjingsområda vil vera med på å skape lokale nettverk og identitet.

**"Den nye kommunen skal vera ein god oppvekst-, barne- og ungdomskommune."**

(ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse)

Kyrkja tilbyr gratis barne og ungdomsarbeid gjennom fellesskapsbyggjande aktivitetar. Dette skjer i hovudssak gjennom frivillig arbeid.

---

**Adresse:**

Postboks 117

**Tlf/faks**

Tlf: 56171480

Faks: 56171481

**E-post/Internett:**

post@melandkyrkja.no

[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

**Bankkonto / Org.nr.:**

9999.99.99999

976 995 406



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

**”Den nye kommunen vil utarbeida ein klima- og miljøplan. Når ein utarbeidar ein ny klima- og miljøplan vil ein ha særskild fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling”**

(ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse)

Ei satsing på ei kyrkje som kan nåast av mange utan å nytte bil har ei viktig miljøside.

**“Ein ny kommune skal handtera framtida, ikkje dagens situasjon.”** (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse).

Framtida vil gje meir utbygging i Frekhaugområdet. Det vil auka behovet endå meir for ei nærkyrkje på Frekhaug.

I dei nyare busetjingsområda i Meland er ikkje kyrkja synleg tilstades med kyrkjebygning. Kyrkja ønskjer framleis å vere samfunnsbygger og ein positiv identitetsskapande faktor lokalt. For ei heilskaplig samfunnsbygging, slik det står i intensjonsavtalen, må heile menneskelivet vere med.



For Meland sokneråd

Anne Sofie N. Uthaug  
Kyrkjeverje

---

**Adresse:**  
Postboks 117

**Tlf/faks**  
Tlf: 56171480  
Faks: 56171481

**E-post/Internett:**  
post@melandkyrkja.no  
[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

**Bankkonto / Org.nr.:**  
9999.99.99999  
976 995 406